JD 2000002
VEDLEGG II

98145regved

Sveio Formannskap sak nr. 047/00
Vedlegg nr. 2

# REGULERINGSVEDTEKTER.

## REGULERINGSVEDTEKTER FOR DELER AV ERIKSEN GARD, VALEN ØVRE, GNR. 9, BNR. 2, OG VALEN NEDRE, GNR. 8, BNR. 7, 53 OG 71 I SVEIO KOMMUNE.

Sveio Kommunestyre sak nr. 046/00
Vedlegg nr. 2

1. GENERELT.

§ 1 Innafor det regulerte område skal arealbruken vera som vist på reguleringskartet. Tegning nr. 98.145.03.

Arealet er regulert som følger:
BYGGEOMRÅDER
LANDBRUKSOMRÅDER
TRAFIKKOMRÅDER
SPESIALOMRÅDER
FELLESOMRÅDER.

2. BYGGEOMRÅDER.

§ 2 I byggeområdet kan det førast opp bustader og hytter/fritidsbustader.

§ 3 I området merka med bustader kan det førast opp bustader i 2 etasjer med tilhøyrande garasje.

§ 4 I området merka fritidsbusetnad kan det byggjast nausthytter med tilhøyrande anlegg.
Bygningane kan førast opp inntil 2 etasjer og skal ha saltaksform.
I 1. høgda kan det vera naust.
Framføre bygningane kan det lagast kai.

3. LANDBRUKSOMRÅDER.

§ 5 Landbruksområde skal nyttast til landbruksføremål, beite og skog. Mindre bygningar som er nødvendig for landbruk kan førast opp.

4. TRAFIKKOMRÅDER.

§ 6 Terrenget innanfor siktlinjene skal til ei kvar tid vera ryddig for hindringar høgare enn 0,5 m over kjørebanen.
I samband med framføring av vegar må det gjerast minst mogleg inngrep i terrenget.
Evt. fyllingar må få ei god landskapspleie.

721

JD 2000005

5. SPESIALOMRÅDER.

§ 7 Området er beregna for friluft/idrett og trav med tilhøyrande aktiviteter.
I området kan det etter søknad førast opp driftsbyging med stall og lager.
Mindre bygningar, uthus og lager for fiske/båt og innredninger som er nødvendig for drifta, kan førast opp i området. Elveløpet kan gravast ut og bruer over kan utleggjast.

§ 8 Område for fiskeoppdrettsanlegg kan nyttast som fiskeoppdrett med tilhøyrande bygningar og innretningar. Frå Kuhavet og fram til åpen sjø, skal det vera offentleg adgang.
Det må ikkje leggjast ut merdar eller andre faste innretningar som hindrar båttrafikk til/frå Valevåg og Kuhavet. Merdar skal i ingen grad kryssa midtlina.
Privat veg gjeld for eigedomar som ved tinglysing har vegrett alt i dag, samt for privateigd landdel av fiskeoppdrett.

6. FELLESOMRÅDER.

Felles avkjørsel omfater eigedomane gnr. 9, bnr. 71 og gnr. 8, bnr. 53.

7. SAMS FØRESEGNER.

§ 9 Eksisterande vegetasjon i planområdet bør vernast så langt som råd er.

§ 10 Ved handsaming av byggjesaker skal bygningsrådet sjå til at bygningane får ei god form og at det vert brukt kvalitetsmessige gode materialer.

§ 11 Der er serlege grunnar talar for det, kan bygningsrådet innanfor ramma av bygningslova og bygningsvedtektene gjera mindre vesentlege unntak frå planen og regulerigsføresegnene.

5520 Sveio, 10. september 1998.

Rev. 21.10.1998.
Rev. 30.03.2000.

73